

Les diktet nedanfor. Strek under vanskelege ord.

Vinteren er kald og kvit,
snø og frost på bakken.
Frostrøyk når ein pustar ut,
snøflak ned i nakken.

Våren kjem med spirer små,
bekken sildrar i skogen.
Fuglar kvitrar, grønne tre,
bonden finn fram plogen.

Sommaren med sol og varme
berrføtt gjennom graset.
måkeskrik og humlesus,
jordbærsaft i glaset.

Hausten han er fargerik,
målar skog og himmel.
Kveikte lys i mørke kveld,
frost og stjernevimmel

Samtale og oppgåve

1. Sjå på orda du har streka under. Har læringspartnaren din streka under dei same? Kva trur de orda tyder? Diskuter med læringspartnaren.
2. Skriv orda på post-it-lappar og heng dei på tavla. Lurer alle på dei same orda? Ha ein klassesamtale og finn ut kva orda tyder.
3. Kva fortel diktet om dei ulike årstidene? Skriv nøkkelord.